

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
323	Knut Øyjordet	01.07.21	26/21

HØYRING PÅ ENDRINGAR I REGULERINGSPLAN FOR HOSKELIE

Saksdokument:

Brev frå kommunen av 14.06.21 med vedlegg.

Saksutgreiing:

Kommunen ved formannskapet har vedteke å leggje forslag til endring av gjeldande reguleringsplan for Hoskelie ut til offentleg ettersyn og høyring, og med høyringsfrist 6. august. Planen er fremma av Norconsult AS på vegne av Hoskelie Vel. Formålet med endringane i planen er å opne for vinterbrøyting fram til hyttene i det regulerte området, samt opne for innlegging av vatn og med avløpsordning. Og planforslaget er oppdatert i samsvar med kommuneplanen sine felles retningsliner om gjerde. Høyringsbrevet og saka til formannskapet er kopiert og vedlagt. Dei andre saksdokumenta er å finne på heimesida til kommunen.

Vurdering:

Planendringa dreier seg om å opne for vinterbrøyting, innregulering av stikkvegar til kvar hytte, samt opning for innlegging av vatn i hyttene. Vinterbrøyting har det vorte gjeve dispensasjon for tidlegare, så endring i planen ang. dette blir ikkje noko nytt i forhold til dagens arealbruk. Bilveg til enkelte hytter vart nok etablert i samband med bygging, så det er heller ikkje noko nytt. Det er vanleg med køyreveg til hytter i regulerte hyttefelt i dag. Dette blir også sett i samanheng med behovet og tilrettelegging for vatn og avløp, som ikkje kan etablerast før det er køyretilkomst til hyttene. Innlegging av vatn og med avløp er vanleg i nye regulerte hyttefelt i dag, og det har også i seinare år vorte gjeve løyve til dette for hytter i uregulerte område med vegtilkomst.

Når det gjeld gjerde rundt hytter, er det naturleg at kommunen generelt legg inn retningslinene for dette i kommuneplanen i revisjon av reguleringsplanar. Men det er ikkje sikkert desse reglane samsvarer med reglane som Statskog har, og som hyttefestarane må halde seg til sidan dei har ei festekontrakt med Statskog som også omfattar vilkår om gjerdning. At det krevst løyve frå Statskog i tillegg bør difor kome fram i reguleringsplanen på ein eller annan måte. Det er viktig at hyttefestarane blir gjort kjent med dette.

Innstilling til vedtak:

I høyring på forslag til endringar av reguleringsplan for Hoskelie, så har ikkje fjellstyret vesentlege merknader til forslaga. Det er over 20 år sidan planen vart vedteke fyrste gongen, og da med hytter på «låg standard» utan innlegging av vatn og med avløpsordning, og utan veg fram til hyttene. Med tida har krav til standard endra seg, og for hytter i regulerte felt både i Sjodalen og i Lemonsjøområdet er det nå tilrettelagt både for veg og vatn(avløp). I dag er det også gjeve løyve til vatn- og avløpsanlegg for hytter utanom regulerte område, så sant

det er veggtilkomst til hytta heile året. Fjellstyret har med bakgrunn i denne utviklinga ingen merknader til at det også blir tilrettelagt for dette i hyttefeltet i Hoskelie.

Når det gjeld reglar for gjerde rundt hytter, forstår fjellstyret at kommunen generelt bør innlemme retningslinene for dette i kommuneplanen i dei ulike reguleringsplanane. Men det er ikkje sikkert desse reglane samsvarer med reglane som Statskog har, og som hyttefestarane må halde seg til sidan dei har ei festekontrakt med Statskog som også omfattar vilkår om gjerding. Fjellstyret meiner difor at det må kome fram i føresegne til planen at det også krevst løyve frå Statskog for oppsetting av gjerde.

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:

Vågå kommune

Kopi til:

Statskog v/Hilde Hammer

Vågåmo, 02.07.21

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no